

Referat. Styremøte i Vestnes sogelag. 27. februar 2022.

Tid: 27.02.22, kl. 17.

Stad: Vestnes bibliotek.

Til stades: Eli Skavnes, Lars Sigmund Kleive, Morten Øveraas, Tordis Sivertsen, Tore Tomren. Frå valnemnda stilte Odd Jarle Talberg og Torhill Sellereite.

1) Orientering ved valnemnda.

Tordis og Tore er ikkje på val. Morten er ikkje til val som styremedlem, men stiller til val som leiar. Lars Sigmund og Eli ønsker å gå ut av styret. Valnemnda har fleire namn på blokka når det gjeld nye kandidatar.

2) Framlegg til utkast til årsmelding v/ styreleiar.

Møtelyden hadde nokre få innspel til justeringar av innhaldet, elles blei framlegget teke imot med gode ord og samtykke. Semje om at årsmeldinga skal dekke perioden frå 1. januar 2021 fram til det komande årsmøtet.

3) Årsmøteplanlegging.

I tråd med vedtektene er planen å gjennomføre årsmøtet innan utgangen av mars – sjølv om sist årsmøte, grunna koronarestriksjonar, vart utsett til august i fjor. Målet er å kome i ein normal syklus. Elles vil styret helst unngå søndag som møtedag. Morten vil høyre om biblioteket er ledig måndag, tysdag, eller onsdag siste veka i mars. Innkalling blir annonsert i Vestnesavisa, samt på sogelagets heimesider og Facebook-side.

4) Orientering om bygdeboksaka v/styreleiar.

Det blir møte med inviterte på kommunehuset 10. mars kl. 12. Mellom anna har Marit Rekdal Hoel takka ja til å delta. Møtet vil vere i regi av sogelaget. Kommunen vil bli representert v/ rådgjevar Ingrid Skjegstad.

Vestnes, 27/2-22

Referent: Tore Tomren